

## Møteprotokoll

# Planutvalet

**Møtedato:** 15.06.2010

**Møtetid:** Kl. 14:00 –

**Møtestad:** KOMMUNESTYRESALEN

**Saksnr.:** 055/10 - 067/10

Følgjande medl. møte	Parti	Følgjande varamedl. møte	Parti
Helge Andre Njåstad	Frp	Olav Njåstad	Frp
Jostein Blænes	”	Ingunn Berge Vik	H
Kjetil Østervold	”		
Kurt Frank	H		
Christian Halstensen	Krf		
Jane Stangeland	Ap		
Edvard J Stangeland	Sp		

Følgjande medl har meldt forfall	Parti	
Renate Møgster Klepsvik	Frp	
Julie Solbakken	H	

<b>Møteleiar:</b>	Helge Andre Njåstad
<b>Frå adm. møte:</b>	Spesialrådgjevar Bjørn Wefring og nestl. osk Astrid N. Fagerbakke
<b>Utlevert i møtet:</b>	Div kart til sak 64 og 65/10
<b>Merknader:</b>	Ingen
<b>Innkalling:</b>	Ingen
<b>Diverse:</b>	Jane Stangeland kom til møte til sak 062/2010

Underskrifter:

\_\_\_\_\_  
Helge Andre Njåstad  
Leiar

\_\_\_\_\_  
Jostein Blænes

\_\_\_\_\_  
Kjetil Østervold

\_\_\_\_\_  
Olav Njåstad

\_\_\_\_\_  
Kurt Frank

\_\_\_\_\_  
Ingunn Berge Vik

—

\_\_\_\_\_  
Christian Halstensen

\_\_\_\_\_  
Jane Stangeland

\_\_\_\_\_  
Edvard J Stangeland

# Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Saktittel</b>
055/10	Godkjenning av møtebok planutvalet 11.05.2010
056/10	Referatsaker
057/10	Reguleringsplan for busslomme ved Austevoll ungdomsskule
058/10	Gnr. 44 bnr. 0068 Bjånesøy. Endring av reguleringsplan for Storebø nærings- og fritidshamn
059/10	Gnr. 59 bnr. 0001 Otterå. Søknad om dispensasjon til oppføring av naust
060/10	Gnr. 62 bnr. 0002 Vestre Vinnesvåg. Søknad om oppstart av planarbeid
061/10	Gnr. 07 bnr. 0012 Lundøy. Søknad om dispensasjon frå arealføremålet av kommuneplanen - byggjing av trekai og utlegg av flytebrygge
062/10	Gnr. 58 bnr. 0165, del av 16 og 18, Kolbeinsvik. Endeleg godkjenning av endring av reguleringsplan
063/10	Gnr. 50 bnr. 0003, 0029 m.fl. Søknad om oppstart av planarbeid
064/10	Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan Haugavikneset bustadfelt Storekalsøy og kommuneplanen
065/10	Gnr. 37 Bnr. 0057 Austevoll. Søknad om dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen - oppføring av næringsbygg.
066/10	Gnr. 36 bnr. 0028 Melingen. Søknad om løyve til tiltak – rammeløyve
067/10	Gnr. 37 bnr. 0079, 0167, 0168 Austevoll (Tråvik). Endeleg godkjenning av reguleringsplan

**055/10: Godkjenning av møtebok planutvalet 11.05.2010**

**Vedtak:**

Møteboka frå møte i planutvalet 11.05.2010 vert godkjent slik ho ligg føre.

**056/10: Referatsaker**

**Vedtak:**

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

**057/10: Reguleringsplan for busslomme ved Austevoll ungdomsskule**

**Vedtak:**

Austevoll kommunestyre godkjenner i medhald av plan og bygningslova § 12-12, reguleringsplan for busslomme og trafikkområde ved Austevoll ungdomsskule. Plankart og føresegner er sist justert 06.04.2010.

**058/10: Gnr. 44 bnr. 0068 Bjånesøy. Endring av reguleringsplan for Storebø nærings- og fritidshamn**

**Vedtak:**

Austevoll kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, reguleringsplanen for gnr. 44, bnr. 68 Bjånesøy, Austevoll kommune.

**059/10: Gnr. 59 bnr. 0001 Otterå. Søknad om dispensasjon til oppføring av naust/næringsbygg**

**Vedtak:**

Det faste utvalet for plansaker har vurdert om det skal gjevast dispensasjon for oppføring av naust/næringsbygg til landbruksføremål.

Planutvalet finn etter ein heilhetleg vurdering at det i medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova bør gjevast dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og frå plan- og bygningslova §1-8 forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag.

Planutvalet si grunngeving for kommunen si positive haldning til dispensasjon i denne saka er at eigedomen er ein landbrukseigedom på 670 da, og det er ikkje naust på denne landbrukseigedomen i dag. Det er ikkje nokon ulempe å gje dispensasjon i denne saka, det er ikkje dyrka mark på tiltaksstaden, område blir ikkje nytta til bading/soling, det er ikkje nokon spesiell plass for fugl eller anna dyr. Otterå gard er eit hovudbruk i Austevoll Kommune, og fordelane med å gje dispensasjon er å kunna oppretthalda stadbunden næring i Kommunen. Utformingen på naustet/næringsbygget må vera i samsvar med § 3.2 i kommuneplanen, (*utforming av naust og brygge grunnflate på 40m<sup>2</sup> mønehøgde inntil 5m*).

**060/10: Gnr. 62 bnr. 0002 Vestre Vinnesvåg. Søknad om oppstart av planarbeid**

Handsaming i møtet:

Leiaren tok opp om saka etter Austevoll kommune sin praksis av oppstart som ikkje er i tråd med kommuneplanen må til kommunestyret. Planutvalet slutta seg til det.

**Vedtak:**

I medhald av PBL § 12-8 *Oppstart av reguleringsplanarbeid*, godkjenner kommunestyre søknad om at det startast arbeid med utarbeiding av reguleringsplan for GB. 62/0002 Vinnes.

Planleggjar er: Sweco v/ Even Akerø

Tiltakshavar er: Marit Instanes.

Søkjjar kunngjer oppstart planarbeid til minst ei avis, og orienterer dei som etter lova har krav på skriftleg varsel om planoppstart ( grunneigarar, heimelshavarar, naboar, styresmakter mm.)

Planen skal utarbeidast av fagkunnige.

### **061/10: Gnr. 07 bnr. 0012 Lundøy. Søknad om dispensasjon frå arealføremålet av kommuneplanen - byggjing av trekai og utlegg av flytebrygge**

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Edvard Johannes Stangeland (vedtak i planutvalet 06.04.2010):

Planutvalet har vurdert søknad om dispensasjon motteke 16.12.09 som gjeld oppføring av trekai, samt flytebrygge på gnr. 7 bnr. 12 i Austevoll og gjev dispensasjon til byggjing av bryggja.

Planutvalet viser til kommuneplanen, skriftlege delen som grunngjeving for å gje dispensasjon til byggjing av den omsøkte bryggja. Det er 3-4 øyar i kommunen som er omtala i kommuneplanen slik at det skal vera lettare å få dispensasjon på Lundøy, Hevrøy, Litlekalsøy og Møkster, enn resten av kommunen. Dette på grunn av at ein vil oppretthalde busetnaden på desse øyane og leggjar tilrett for vekst.

Det vart røysta over tilråding og framlegget

Framlegget frå Edvard Johannes Stangeland vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Planutvalet har vurdert søknad om dispensasjon motteke 16.12.09 som gjeld oppføring av trekai, samt flytebrygge på gnr 7 bnr. 12 i Austevoll og gjev dispensasjon til byggjing av bryggja.

Planutvalet viser til kommuneplanen, skriftlege delen som grunngjeving for å gje dispensasjon til byggjing av den omsøkte bryggja. Det er 3-4 øyar i kommunen som er omtala i kommuneplanen slik at det skal vera lettare å få dispensasjon på Lundøy, Hevrøy, Litlekalsøy og Møkster, enn resten av kommunen. Dette på grunn av at ein vil oppretthalde busetnaden på desse øyane og leggjar tilrett for vekst.

### **062/10: Gnr. 58 bnr. 0165 del av 16 og 18 Kolbeinsvik. Endeleg godkjenning av endring av reguleringsplan**

Handsaming i møtet:

Helge Andre Njåstad og Olav Njåstad var ugild under handsaminga.

Edvard Johannes Stangeland overtok møteleiinga.

Jane Stangeland kom til møte.

#### **Vedtak:**

Austevoll kommunestyre godkjenner i medhald av PBL § 12-14, endring av reguleringsplanen for gnr. 58, bnr. 0165 del av 16 og 18, Kolbeinsvik.

Føresegnene og plankartet er datert 04.06.10.

Planen med planskildring skal kunngjerast i minst ei avis.

Vedtaket vert sendt til råka parter, grunneigarar, naboar og uttaleinstansane for klagevurdering.

### **063/10: Gnr. 50 bnr. 0003, 0029 m.fl. Nordeide. Søknad om oppstart av planarbeid**

#### **Vedtak:**

I medhald av PBL § 12-8 *Oppstart av reguleringsplanarbeid*, godkjenner planutvalet søknad om at det vert starta opp arbeid med utarbeiding av reguleringsplan for GB. 50/0003,29 m.fl. Nordeide.

Planleggjar er: Nagla AS.

Tiltakshavar er: Ready Eigedom AS

Søklar kunngjer oppstart planarbeid til minst ei avis, og orienterer dei som etter lova har krav på skriftleg varsel om planoppstart ( grunneigarar, heimelshavarar, naboar, styresmakter mm.)

Planen skal utarbeidast av fagkunnige.

### **064/10: Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan Haugavikneset bustadfelt Storekalsøy og kommuneplanen**

#### **Vedtak:**

1. Planutvalet har vurdert søknad om dispensasjon frå reguleringsplanen for Haugavikneset bustadfelt og finn etter ei samla vurdering å gje dispensasjon til endring av føremålet for gnr. 28, bnr. 66 til omsøkt føremål og gnr. 28, bnr. 45.  
Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12-14.
2. Planutvalet har vurdert søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen og finn etter ei samla vurdering å gje dispensasjon til omsøkt føremål for del av gnr. 27, bnr. 36.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

### **065/10: Gnr. 37 Bnr. 0057 Austevoll. Søknad om dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen - oppføring av næringsbygg.**

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Frp v/Olav Njåstad:

Planutvalet er positiv til å sette i gong ein prosess for å hjelpe fiskebåtredieriet Vendla til å lette behovet. Ein mogeleg veg å gå er gjennom reguleringsplan. Planutvalet vil invitere rederiet til nærare dialog om vegen vidare.

Det vart røysta tilrådinga og framlegget.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **PLA-065/10 Vedtak:**

Planutvalet er positiv til å sette i gong ein prosess for å hjelpe fiskebåtredieriet Vendla til å lette behovet. Ein mogeleg veg å gå er gjennom reguleringsplan. Planutvalet vil invitere rederiet til nærare dialog om vegen vidare.

### **066/10: Gnr. 36 bnr. 0028 Melingen. Søknad om løyve til tiltak – rammeløyve**

Handsaming i møtet:

Tilleggsframlegg frå Edvard Johannes Stangeland:

Planutvalet vil vise til at så store næringsbygg må planleggast i reguleringsplan-/kommuneplansamanheng. Fylkesmannen si generelle innskjerping understreker og viktigheten å styre gjennom planar framfor dispensasjoner.

Det vart først røysta over tilrådinga som vart samrøystes vedteke.  
Tilleggsframlegget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Det faste utval for plansaker har vurdert søknad om dispensasjon frå LNF-område for oppføring av eit næringsbygg på inntil 250 m2.

Etter ein heilskapleg vurdering finn ikkje planutvalet å kunne godkjenne omsøkte tiltak.

Planutvalet grunngjev avslaget med at nytta ved å gi dispensasjon ikkje er klart større enn ulempene.

Avslaget er heimla i plan- og bygningslova § 19.2

Planutvalet vil vise til at så store næringsbygg må planleggast i reguleringsplan-/kommuneplansamanheng. Fylkesmannen si generelle innskjerping understreker og viktigheten å styre gjennom planar framfor dispensasjoner.

**067/10: Gnr. 37 bnr. 0079, 0167, 0168 Austevoll (Tråvik). Endeleg godkjenning av reguleringsplan**

**Vedtak:**

Austevoll kommunestyre godkjenner i medhald av PBL § 12-12, reguleringsplanen for gnr. 37, bnr. 79,167 og 168 Austevoll. ( Tråvik)

Føresegnene og plankart har revisjonsdato 19.05.10.

Vedtaket vert sendt til råka parter, grunneigarar, naboar og uttaleinstansane for klagevurdering.

**068/10: Ymse - planutval**

Handsaming i møtet:

Jane Stangeland tok opp under ymse formuleringar under forrige møte som i protokollen kunne tolkast som at ho meinte nokon bygg var oppført ulovleg noko som ikkje var hennes intensjon. Leiaren opplyste at det var komen eit dokument inn til kommunen om samme sak og at det vil bli drøfta med rådmannen om korleis det skal leggjast fram for planutvalet.

Christian Halstensen tok opp under ymse ein generell debatt om fylkesmannen sin miljøvernavdeling si rolle i høve lokaldemokratiet. Planutvalet diskuterte problemstillinga.

**PLA-068/10 Vedtak:**

Vert lagt ved møteboka.

Rett utskrift:

Astrid Norunn Fagerbakke